

NOTAT FRÅ VALNEMDA

Til: Generalforsamlinga i Det Vestnorske Teateret
Frå: Valnemnda
Dato: 26.03.2021
Sak: 5, Styrehonorar

Valnemnda i Det Vestnorske Teateret har i samråd med administrasjonen fått greia ut ei endring av styrehonorara i teateret. Sist honoraret vart endra var i 2016, og då med ei KPI-justering av tidlegare vedtatt honorar.

Administrasjonen har henta fram honorara frå tilsvarande organisasjonar innan kulturfeltet i Vestland. Tala er for det meste henta frå VLFK si eigarskapsmelding:

DNS:

Styreleiar: kr 117 000 per år.
Nestleiar: kr 67 000 per år.
Styremedlem: kr 51 900 per år.
Varamedlem: kr 5 200 per møte.

Samla styregodtgjersle i 2019: kr 491 000.

Carte Blanche:

2018 hadde selskapet følgjande satsar for styregodtgjersle:

Styreleiar: kr. 72 222
Nestleiar: kr. 36 964
Medlem: kr. 3 753 per møte

Samla styregodtgjersle i 2018 var kr 237 401 (2018)

Bergen Nasjonale Opera:

BNO har laga forslag til justering frå dette året. Tar med gammal og ny sats:

Tidlegare satsar:

- Styreleiar kr. 60 000
 - Nestleiar kr. 45 000
 - Styremedlem kr. 30 000
 - Møtesats kr. 1 500 når varamedlem møter. Ikkje eigen frammøtesats for styret
- Samla beløp 2018 - frå årsberetninga: kr. 195.000

Frå og med 2021 er desse oppjustert til:

- Styreleiar kr. 75 000
- Nestleiar kr. 50 000
- Styremedlem kr. 35 000
- Møtesats kr. 1 500

Teater Vestland:

Styreleiar: kr. 50 000 per år. Honoraret skal indeksregulerast med lønsindeksen per 01.05. kvart år. Styreleiar har same møtegodtgjersle som gjeld for fylkeskommunen sine hovudutval.

Andre styremedlemer:

same satsar som gjeld for fylkeskommunen sine hovudutval.

Tapt arbeidsforteneste kan erstattast etter fylkeskommunen sine satsar.

Samla styregodtgjersle i 2019: kr 144 385.

Det Vestnorske Teateret (sist regulert i 2016):

Styreleiar: 52 000 kr årleg og 1200 kr per møte

Nestleiar: 26 000 kr årleg og 1200 kr per møte

Styremedlem: 1200 kr per møte

I tillegg får medlemmene dekt reisegodtgjersle og betalt per time for tapt arbeidsforteneste.

Typiske vert det halde 6 møte per år = kr. 7200 per medlem i møtegodtgjersle

Samla styregodtgjersle for 2020: kr 121 200

Drøfting

Oversikta viser at DVT har sakka akterut i høve til samanliknbare institusjonar sidan teateret ikkje har justert sidan 2016. Det er nærliggande å leggje seg på nivå med BNO og Carte Blanche som har nokolunde same storleik og utfordringar i styrearbeidet som DVT. Styreleiar og nestleiar har oppgåver mellom styremøta og det er naturleg at honoraret er fast og utan eige møtegodtgjersle. For styremedlemmer elles vil ein halde på løysinga med honorar per møte, men med ei tidsmessig auke i beløpet. Samla kostnad 6 møte, alle deltek: kr. 208 500

Framlegg til vedtak:

Styreleiar: Kr. 75 000 årleg, ikkje møtegodtgjersle

Nestleiar: Kr. 37 500 årleg, ikkje møtegodtgjersle

Styremedlem og evt. varamedlem som møter: Kr. 4 000 kr per møte

Medlemene får dekt reisegodtgjersle og betalt per time for tapt arbeidsforteneste